

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 10.06.15

Vår ref. 629/ 14/BSI/5.7.12

Dykkar ref.: 15/6658

Fiskeridirektoratet region Vest
Postboks 185 Sentrum
5804 Bergen

Att: Margareth Olin Leivdal

e-mail

**LINDÅS, HINDENESFJORDEN, STORSKREDBUKTI – SØKNAD OM ENDRA
LOKALITET OG UTVIDA BIOMASSE, SAMT DYRKING AV BLÅSKJEL.**

Viser til dykkar brev av 01.06.15, med vedlegg vedkomande ovannemnde sak.

Ein viser til vår følgjande uttale av 08.12.14 (vår ref 1271/14/BSI/5.7.12) til Lindås kommune i høve «Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for utviding av akvakultur i Storskredbukti» (Det kan dessverre sjå ut som om ein ikkje har sendt kopi til dykk):

«Fiskarlaget Vest har vore i kontakt med lokalkjent fiskar i Nordhordland Fiskarlag om saka.

Generelle merknader

Fiskarlaget Vest registrerer at ein får mange søknader om endra lokalitetar, auka biomasse (MTB) på eksisterande lokalitetar, samt søknad om nye lokalitetar, med m.a. bakgrunn i innføringa av Hardangerfjordforskrifta og inndeling i PD-/ lusesoner.

Fiskarlaget Vest meiner at det ikkje må førast ein bit for bit politikk frå styresmaktene, men at ein må vurdere kva eit **større** område toler av oppdrett i tillegg til anna utslepp til sjø. Oppdrettsnæringa må i utgangspunktet velje gode lokalitetar, som ikkje er i konflikt med fiskerinæringa, slik at det ikkje blir slik at ein forureinar eit området for deretter å sökje om ny plass.

Fiskarlaget Vest meiner òg at styresmaktene må **definere** kva som er **akseptabel negativ påverknad** frå oppdrettsnæringa på anna næring, her villfisk. men ikkje berre vill laksefisk.

Fiskarlaget Vest vil minne om seiproblematikken, spesielt i høve til garnfiske.



Ein kan ikkje godta at styresmaktene seier at ein har ei berekraftig oppdrettsnæring om ein får kontroll på rømming og luseproblematikken.

Det er òg andre tilhøve som må takast med i ei slik vurdering. Deriblant m.a. bruken av kjemiske avlusningsmiddel.

Fiskarlaget Vest meiner at det må kome fram på kommuneplankarta kva område som verkeleg blir beslaglagt for anna bruk/næring av eit oppdrettsanlegg, ikkje kun sjølve anlegget.

Oppdrettsnæringa må kontinuerleg arbeide for at ankersistema blir kortast mogeleg innanfor krava som er stilt, for å redusere område som blir bandlagt for anna bruk/næring.

Det er viktig at oppdrettslokalitetar/fortøyningar/fester under vatn som ikkje er i bruk lenger blir rydda skikkeleg.

Lokaliteten Storskredbukt

Ifølgje Fiskeridirektoratet sin kartdatabase er det registrert gyteområde for torsk i området, jf. vedlagde kart.

Fiskarlaget Vest er einig med kommunen i at utviding av akvaområdet må vurderast ved rullering av kommuneplanen.

Fiskarlaget Vest finn i dette tilfelle å kunne gå inn for endring av anlegget i området som omsøkt, under føresetnad av at ikkje ankra blir til hinder for bruk av m.a. låsplassen på motsatt side av fjorden. Fortøyingsplan må leggjast ved slike søknader, og ankra må avgrensast mest mogeleg.

Når det gjeld auke av biomasse må rett styresmakt uttale seg.


Elles visar ein til dei generelle merknadene, spesielt når det gjeld fortøyning/rydding.»

Ein forutset at det blir stilt krav om avsetjing av midlar til, eller at eigar av oppdrettslokaliteten overtar ansvaret for, eventuell fjerning av blåskjelanlegget.

Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebo
Britt Sæle Instebo

Kopi pr. mail: Nordhordland Fiskarlag
Lindås kommune
Hordaland Fylkeskommune



Målestokk: 1:26 218